

Rekommandasjon CM/Rec(2023)5 frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om prinsippa for eit godt demokratisk styresett

*(Vedteke av Ministerkomiteen 6. september 2023 på det 1473.
møtet mellom ministrane sine representantar)*

(Omsetjinga er uoffisiell og blir gitt berre for informasjonsføremål. Originalspråket er engelsk, og teksten er skriven og publisert av Ministerkomiteen i Europarådet. Omsetjinga til nynorsk er omsett og publisert av Kommunal- og distriktsdepartementet).

Ministerkomiteen, i samsvar med artikkel 15.b i vedtektene til Europarådet (ETS nr. 1),

som tek i betraktning at målet til Europarådet er å oppnå større einskap mellom medlemsstatane for å ivareta og realisere ideala og prinsippa som er den felles arva deira, og å leggje til rette for økonomisk og sosial framgang,

som er overtydd om at eit godt demokratisk styresett er ein sentral føresetnad for å sikre vern av menneskerettar, demokrati og rettsstatsprinsippet, og dermed for fred og tryggleik i Europa,

som er overtydd om at eit demokratisk sikkert samfunn i heile Europa, som er robust i møte med dagens og morgondagens utfordringar, krev eit styresett som er «godt» og «demokratisk» på alle forvaltningsnivå,

som er uroa over tilbakegangen for demokratiske institusjonar i Europa, som særleg er framheva i årsrapportane for åra 2021 og 2023 frå generalsekretæren for Europarådet og i parlamentarikarforsamlinga sine rapportseriar «Recent challenges to security in Europe: what role for the Council of Europe» (dok. 15541, rekommandasjon 2235 (2022), resolusjon 2444 (2022)) og «Safeguarding and promoting genuine democracy in Europe» (dok. 15486, rekommandasjon 2232 (2022), resolusjon 2437 (2022)),

som er overtydd om at eit godt demokratisk styresett er avgjerande for å byggje opp folks tillit til offentlege institusjonar og deira kjensle av eigarskap til desse institusjonane,

som tek omsyn til arbeidet til andre organ i Europarådet, særleg Kongressen for lokale og regionale myndigheiter, Konferansen av ikkje-statlege organisasjonar, Kommissæren for menneskerettar, dei forskjellige spesialorgana som på ulike måtar arbeider med verkemåten til offentlege institusjonar i dei tre statsmaktene, og konklusjonane frå dei påfølgjande møta i World Forum for Democracy,

som viser til strategien for innovasjon og godt styresett på lokalt nivå, mellom anna dei tolv prinsippa for eit godt demokratisk styresett på lokalt nivå, som er vedlagd Valenciaerklæringa, som vart vedteken 15. og 16. oktober 2007 på det 15. møtet til konferansen for europeiske ministrar med ansvar for lokale og regionale myndigheiter (Valencia, 15.–16. oktober 2007), og dessutan resolusjon A/RES/70/1 vedteken av generalforsamlinga til Dei sameinte nasjonane 25. september 2015 «Transforming our world: the 2030 Agenda for Sustainable Development Goals», og dei 17 berekraftsmåla i agendaen, særleg mål 16 «Fred, rettferd og velfungerande institusjonar»,

som viser til resultata frå den 4. toppmøtet for stats- og regjeringssjefane i Europarådet (Reykjavik, 16.–17. mai 2023), særleg Reykjavikerklæringa «United around our values» og dei vedlagde Reykjavik-prinsippa for demokrati,

som byggjer på regelverket til Europarådet og det tidlegare arbeidet til styringskomiteen for demokrati og styresett (CDDG) og dessutan dei praktiske erfaringane som er gjorde i samband med gjennomføringa av dei tolv prinsippa for eit godt demokratisk styresett på lokalt nivå gjennom European Label of Governance Excellence sidan ordninga vart oppretta i 2011,

som anerkjenner at eit godt demokratisk styresett viser til alle styringsprosessar, institusjonar og praksisar som gjer at ansvarleg mynde og ansvar blir utøvd på ein måte som er både verknadsfull og sentrert rundt ekte demokrati,

som tek i betraktning at tida er inne for å opprette, i eit juridisk instrument, eit sett med standardar som skal tene som målestokk for eit godt demokratisk styresett på alle nivå, og som oppdaterer dei tolv prinsippa nemnde ovanfor,

som anerkjenner at desse standardane vil hjelpe dei som utformar politikk og tek avgjerder på alle forvaltningsnivå, med å sikre og vidareutvikle eit godt demokratisk styresett for alle og samtidig gjere lokalsamfunn og enkeltpersonar meir medvitne på kva dei kan forvente av dei som er fortrudde forvaltninga av offentlege saker,

tilrår at myndigheitene i medlemsstatane

- utfører statleg verksemd i samsvar med grunnverdiane for eit godt demokratisk styresett og prinsippa beskrivne i vedlegget til denne rekommandasjonen, som til saman kjenneteiknar eit velfungerande demokrati; desse er
 - respekt for, og vern og fremjing av, demokrati, menneskerettar og rettsstatsprinsippet,
 - overhalding av dei høgste standardane for offentleg etikk og integritet i utøvinga av makt og offentleg ansvar,
 - utøving av god forvaltning,
 - yting av offentlege tenester av høg kvalitet og økonomisk, sosial og miljømessig velferd,
- set i verk tiltak og gjennomfører aktivitetar for å krevje, setje i stand, støtte eller oppmuntre, alt etter kva som er føremålstenleg og i samsvar med statens konstitusjonelle eller lovmessige ordningar, offentlege institusjonar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå til å handle i samsvar med grunnverdiane for eit godt demokratisk styresett og prinsippa beskrivne i vedlegget til denne rekommandasjonen,
- omset denne rekommandasjonen til sine nasjonale språk og sørgjer for at han blir formidla på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå,
- evaluerer, alt etter kva som er føremålstenleg, i kva utstrekning denne rekommandasjonen blir gjennomført.

Vedlegg til rekommandasjon CM/Rec(2023)5

Prinsipp for eit godt demokratisk styresett

1. Definisjonar

I denne rekommandasjonen gjeld følgjande definisjonar: «statleg verksemd» tyder all verksemd utført

av statsforvaltninga i ein medlemsstat og omfattar

- forvaltning av statens konstitusjonelle ordningar og alle forlag om å endre dei,
- innføring av lovgjeving,
- handtering av internasjonale relasjonar og gjennomføring av bindande internasjonale forpliktingar,
- utarbeiding og vedtaking av offentleg politikk,
- oppretting og forvaltning av ordningar og reguleringar for å fremje og sikre økonomisk, sosial og miljømessig velferd for alle, og
- innføring og yting av offentlege tenester.

Omgrepet «offentlege institusjonar» omfattar alle organ, organisasjonar eller kontor, bortsett frå statsforvaltninga i ein medlemsstat, som har offentlege eller statlege funksjonar, slik som regionale myndigheiter, deira utøvande organ og lovgjevande eller parlamentariske forsamlingar; lokale myndigheiter, deira utøvande organ og forsamlingar; og alle byrå, føretak eller liknande einingar som nasjonale, regionale eller lokale myndigheiter utøver effektiv kontroll over eller avgjerande innverknad på.

Omgrepet «offentlege tenestemenn» omfattar

- personar som er folkevalde eller gjevne eit offentlig mandat eller ein offentlig funksjon, slik som medlemmer av nasjonale og regionale myndigheiter, medlemmer av nasjonale og regionale lovgjevande forsamlingar, medlemmer av lokale utøvande organ og lokale folkevalde representantar, og innehavarar av dommarembete,
- personar som er tilsette av ein offentlig institusjon som definert ovanfor,
- personar som handlar på vegner av ein offentlig institusjon utan å vere folkevalde, gjevne eit offentlig mandat eller ein offentlig funksjon eller tilsette av ein offentlig institusjon eller regjeringa i ein medlemsstat.

2. Prinsipp

Respekt for, og vern og fremjing av, demokrati, menneskerettar og rettsstatsprinsippet

Prinsipp 1 – demokratisk deltaking

Demokratisk deltaking bør vere effektiv og inkluderande og omfatte regelmessige, frie og rettferdige val til lovgjevande forsamlingar, andre folkevalde forsamlingar og andre offentlege institusjonar, samstundes som statsforvaltninga og offentlege institusjonar engasjerer seg på ein meningsfull måte med dei som dei tener.

Prinsipp 2 – menneskerettar

Respekten for menneskerettane som vernar alle og representerer verdiane rettferd, verdigheit, likeverd og respekt, bør sikrast, i samsvar med europeiske og internasjonale standardar, mellom anna vedtektene til Europarådet (ETS nr. 1) og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (ETS nr. 5).

Prinsipp 3 – rettsstatsprinsippet

Rettsstatsprinsippet bør respekterast, slik at alle blir sikra rettstryggleik, mellom anna føreseieleg rettspraksis, der alle blir behandla på ein verdig, likeverdig, fornuftig og rimeleg måte, innanfor ei ramme der maktfordeling og sjølvstendet til domstolane er garantert i heile landet.

Overhalding av dei høgste standardane for offentlig etikk og integritet i utøvinga av makt og offentlig ansvar

Prinsipp 4 – offentlig etikk

Dei høgste standardane for offentlig etikk bør overhaldast strengt, slik at alle kan ha tillit til at statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn tener samfunnets beste.

Prinsipp 5 – ansvarlegheit

Det bør finnast mekanismar for ansvarlegheit for å sikre at statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn tek ansvar for handlingane og avgjerdene sine og kan haldast ansvarlege, og at dei godtek eventuelle konsekvensar eller samhovande sanksjonar for upassande avgjerder eller utelatingar.

Prinsipp 6 – openheit og gjennomsiktigheit

Openheit og gjennomsiktigheit bør sikrast ved å gjere avgjerdsprosessane til statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn offentlig tilgjengelege – med dei avgrensingane som er fastsette i lov, som er naudsynte i eit demokratisk samfunn, og som står i forhold til dei måla som slike avgrensingar freistar å verne – mellom anna ved å bruke moderne digitale verktøy der det er føremålstenleg.

Utøving av god forvaltning

Prinsipp 7 – effektiv, verknadsfull og forsvarleg forvaltning

Forvaltninga hos statsforvaltninga og offentlege institusjonar, som omfattar alle offentlege tenestemenn, bør vere effektiv, verknadsfull og forsvarleg for å fremje velferda til alle dei som dei tener, utan diskriminering, mellom anna ved å optimalisere bruken av offentlege ressursar.

Prinsipp 8 – leiarskap, yteevne og kapasitet

Det bør gjerast ein konsekvent og berekraftig innsats for å styrkje det organisatoriske leiarskapet hos statsforvaltninga og offentlege institusjonar, og evnene og kapasitetane til alle offentlege tenestemenn, slik at grunnverdiane for eit godt demokratisk styresett er verknadsfulle.

Prinsipp 9 – respons

Statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn bør imøtekomme dei legitime forventningane og behova til dei som dei tener.

Yting av offentlege tenester av høg kvalitet og økonomisk, sosial og miljømessig velferd*Prinsipp 10 – god finansiell og økonomisk styring*

Den finansielle og økonomiske styringa hos statsforvaltninga og offentlege institusjonar, og til alle offentlege tenestemenn, bør vere god, for å sikre optimal bruk av offentlege ressursar og gjennomføring av politikk som fremjar velferd og velstand for alle.

Prinsipp 11 – berekraft og langsiktigheit

Ein bør arbeide for å maksimere berekrafta i avgjerder og tiltak som blir trefte av statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn, og for å ta omsyn til den potensielle innverknaden som dei kan ha på framtidige generasjonar, og til evna som desse generasjonane har til å dekkje sine egne behov.

Prinsipp 12 – openheit for endring og innovasjon

Statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn bør vere villige til å gå proaktivt inn for endring og innovasjon der dette kan bidra til å gjere offentlege tenester meir robuste og av betre kvalitet, idet ein tar omsyn til at forventningar og realitetar stadig endrar seg, og ved å samarbeide breitt med andre for å nytte god praksis og auke kunnskapen.